



DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa og Martin Karlsen.

Varamedlemmer: Hilde Koppen, Frøydis Rognsvåg Hansen og Elisabeth Pedersen Husa.

Ikkje møtt: Laila Byrkjeland Husa, Stine Waage, Monica Thomassen Waage og Stein Hugo Fykse.

Kommunal representant: Gidske Borge Kolltveit.

Frå kyrkjekontoret: Leif Arne Økland og Evy Beate Uthaug.

Saksoversikt: F 17/23 – 19/23

F 17/23	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 24.10.2023
Vedlegg	Møteboka frå 24.10.2023 Innkallinga til møtet 05.12.2023
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 18/23	BUDSJETT 2024
	<p><u>Bakgrunn:</u> Kyrkjevevja har sendt inn til kommunedirektøren budsjettdokumentet for 2024 med vårt framlegg til budsjetttramme for 2024. Dokumentet vart lagt fram for AU før det vart sendt inn. Soknerådsleiar, samt sekretær og kyrkjevevje vil be om eit årleg møte med kommunedirektøren, for å drøfta kyrkja sine behov og for å halda oppe ein løpande dialog med kommunen. Dette møtet er endå ikkje beramma.</p> <p>Kyrkjevevja har foreslått at vi får behalda samme rammetilskot i 2024 som vi hadde i 2023. Den summen var på kr. 1.125.000,-. Så lenge vi hadde kontor i kommunen sine lokale i Hjartebanken, hadde vi inkludert i denne ramma kr. 40 000,- som vart betalt inn til kommunen i</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

husleige. Ein kan seia det slik at i den kommunale ramma låg denne støtta til husleige inne. Sidan kontora våre no er i kyrkja, slepp vi denne kostnaden. Kyrkjeverja sitt argument er at vi bør oppretthalda samme kronenivå på rammetilskotet, grunna pris og lønnsveksten.

Soknet hadde i 2022 eit mindreforbruk på drifta på ca. kr. 104.000,- mot eit meirforbruk året før på om lag kr. 78.000,-.

Kommunedirektøren sitt framlegg til rammetilskot er kr. 1.085.000,-.

Ho har gjort eit fråtrekk for husleigetilskotet på kr. 40.000,- med utgangspunkt i fjorårets rammetilskot.

Soknet har fått pålegg om at vi ikkje får ha kontor i Hjardebanken lengre, fordi kommunen sine egne tilsette har bruk for desse. Det kunne vore eit alternativ at soknet leigde kontor hos nokre andre. Det ville i så fall medført utgifter til husleige, som ville blitt belasta soknet og indirekte kommunen. At vi har fått rigga til kontor i kyrkja er i denne samanhengen økonomisk gunstig for kommunen.

Ordlyden i kommunedirektøren sitt framlegg til rammetilskot er vanskeleg å tolka. Eg siterer frå sakspapira:

Teneste 3900 Den norske kyrkje Grunna mellombels endring i tilskot i 2023, vart det med feil lagt inn for mykje i budsjett for 2024, og rett sum for 2024 er kr 1 085 000. Det vert ikkje lagt inn for prisauke. Soknet har flytta kontor til kyrkja, og har to kontorplassar der. Dermed fell stønad kr 40 000 for husleige i kommunalt bygg vekk. Det vil sei at det er budsjettert kr 101 000 for mykje til den norske kyrkje. Denne feilen vart oppdaga for seint i arbeidet med å legge fram budsjettet, og vil bli retta opp før framlegg til budsjett for 2024 vert vedteke.

Vi ønskjer – og er dermed einig i kommunedirektøren sitt forslag – å ha årlege møter med henne for å drøfta kyrkja og soknet sine behov.

Vi ønskjer å bidra til god dialog med kommunen og håpar å unngå at det vert usikkerheit knytta til kva for rammer vi har i forhold til den kommunale finansieringa. Vi ønskjer framtidige budsjett som er berekraftige og ikkje slik at vi tappar våre egne fond for midlar.

Om resultatet for 2024 skulle bli kr. 1.085.000,- vil det kunna vera leveleg for dette budsjettåret, sidan vi hadde eit mindreforbruk i 2022 og kan bruka av fondsmidlar for å dekkja inn eit eventuelt meirforbruk. Det er imidlertid behov for eit møte med kommunen der ukklarheit vedrørande budsjettet blir drøfta.

Framlegg til vedtak:

Fedje sokneråd tek kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2024 på kr. 1.085.000,- til vitande. Soknerådet er bekymra for at det ikkje er justert for pris og lønnsvekst. Soknerådet vil at det vert etablert faste



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<i>møtepunkt mellom soknet og kommuneleiinga, for gjennomgang av soknet sine behov og økonomiske rammevilkår.</i>
Vedtak:	Fedje sokneråd tek kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2024 på kr. 1.085.000,- til vitande. Soknerådet er likevel bekymra for at det ikkje er justert for pris og lønsvekst. Soknerådet ønskjer at det vert etablert faste møtepunkt mellom soknet og kommuneleiinga, for gjennomgang av soknet sine behov og økonomiske rammevilkår.

F 19/23	ORIENTERINGAR
	<ul style="list-style-type: none">• Fellesråds kurs 17. januar, soknerådleiar ønskjer spesielt at kommunens representantar deltek - invitasjon vil bli sendt.• Konsekvensar av kontorflytting Gjennomgang med tekniske etat torsdag 7/12 – melde behov for vedlikehald, både innvendig og utvendig.

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa og Martin Karlsen.

Varamedlemmer: Hilde Koppen, Frøydis Rognsvåg Hansen og Elisabeth Pedersen Husa.

Ikkje møtt: Laila Byrkjeland Husa, Stine Waage, Monica Thomassen Waage og Stein Hugo Fykse.

Frå kyrkjekontoret: Leif Arne Økland og Evy Beate Uthaug.

Saksoversikt: S 22/23 – S 26/23



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S 22/23	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 24.10.2023
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 24.10.2023 Innkallinga til møtet 05.12.2023
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 23/23	ORIENTERING
	<ul style="list-style-type: none">• Kva som skjer i kyrkja i desember. Julekonsert 18/12 kl. 18, bhg og skule gudsteneste 21/12 kl. 9.30, 24/12 kl. 14.30 og 26/12 kl. 12• Litt om ulike dugnadsbehov. Kan test av lyd i kyrkja og til sjukeheimen, samt til dømes å dele ut salmebok og tegnesaker, er det behov for ein pute, sørge for at dei som ikkje høyrer så godt sitt framfor galleriet osv. vera kyrkjeverten sitt ansvar? Viola sy poser til tegnesaker? Sekretær sender ut oversikt med behov for kyrkjevert; først til dei som går turnus.

S 24/23	GUDESTENESTEPLAN FØRSTE HALVÅR 2024
	<p><u>Bakgrunn:</u> Staben har kome med forslag til nokre endringar på gudstenesteplanen for neste halvår. Dette skuldast eit behov for å gjera arbeidsforholda for organist og prest litt betre, sidan dei begge utfører tenester for Fedje og Austrheim sokn og har gudstenester i begge sokna same dag. Ved å korta litt inn på avstanden mellom gudsteneste midt på dagen og på ettermiddagen, vert dette lettare gjennomførbart.</p> <p>Ei slik endring må uansett drøftast i soknerådet begge stader og er avhengig av at begge råda sluttar seg til dette. Frå bispedømet si side er det ikkje motforestillingar mot å endra klokkeslett for gudstenester, om soknerådet sjølv ønskjer dette.</p> <p>Samstundes kan det vera ei ulempe å endra innarbeidde klokkeslett. Det kan skapa forvirring og kan føra til at nokre let vera å gå til gudsteneste. All endring vil såleis krevja eit stort behov for god informasjon.</p> <p>Eit anna moment er at Fedje sokn i heile førre periode, hadde flest ettermiddagsgudstenester. Dette har det vore ulike meiningar om på Fedje, så vel som på Austrheim.</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Det konkrete endringsforslaget er å endra klokkeslettet på formiddagsgudstenesta frå kl. 11.00 til kl. 12.30, med nokre få avvik. Klokkeslettet for ettermiddagsgudstenesta er som før: kl. 16.30.</p> <p>Dette er planen for gudstenester i Fedje sokn komande halvår:</p> <ul style="list-style-type: none">• Søndag 07. januar kl. 12.30• Søndag 04. februar kl. 16.30• Søndag 10. mars kl. 12.30• Skjærtorsdag 28. mars kl. 18.00• 1. påskedag 31. mars kl. 16.30• Søndag 14. april kl. 16.30• Fredag 26. april kl. 19.00 – samtalegudsteneste i Austrheimkyrkja• Fredag 17. mai kl. 11.00• Pinsedag 19. mai kl. 16.30• Laurdag 25. mai kl. 12.00 – konfirmasjon• Søndag 16. juni kl. 12.30 <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd godkjenner framlegget til endring av klokkeslett på formiddagsgudstenester frå kl. 11.00 til kl. 12.30. Ettermiddagsgudstenester vil halda fram med same klokkeslett som no: kl. 16.30. Andre gudstenester, som høgtidsgudstenester, 17. mai, konfirmasjon og liknande vil uansett ha eigne klokkeslett. Vedtaket er avhengig av at Austrheim sokneråd også gir si tilslutning til framlegget.</i></p>
Vedtak:	<p>Fedje sokneråd godkjenner framlegget til endring av klokkeslett på formiddagsgudstenester frå kl. 11.00 til kl. 12.30 som en prøveordning for 2024.</p> <p>Ettermiddagsgudstenester vil halda fram med same klokkeslett som no: kl. 16.30. Andre gudstenester, som høgtidsgudstenester, 17. mai, konfirmasjon og liknande vil uansett ha eigne klokkeslett. Vedtaket er avhengig av at Austrheim sokneråd også gir si tilslutning til framlegget.</p>

S 25 /23	MØTEPLAN
	Møteplan vert sett opp i møtet. Grunngevinga er behovet for å tilpassa møtedatoar til nokre av soknerådsmedlemmer sine skiftplanar. Det vil vera behov for inntil 4 møter første halvår.
Vedtak:	Soknerådsmøter første halvår 2024: <ul style="list-style-type: none">• 09/01• 20/02



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<ul style="list-style-type: none">• 16/04• 28/05
--	---

S 26/23	PRESENTASJONSRUNDE
	Her vert det høve for å sei litt meir om oss sjølve og litt om forventningar til det å vera i soknerådet.